

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF
DATO: 07.12.2021
FRÅ: Administrerende direktør Arve Varden
SAKSHANDSAMAR: Anne Kristin Kleiven / Line Hjorthaug
SAKA GJELD: **Status lærlingar**

ARKIVSAK: 2021/146
STYRESAK: **079/2021**
STYREMØTE: **17.12.2021**

Administrerende direktør si orientering pkt. 5

Oppsummering

Styret får rapport om lærlingar i Helse Førde kvart halvår. Førre rapport var juni 2021. Pr desember 2021 har føretaket 25 lærlingar innan 5 fagområde. Føretaket tek imot helsefaglærlingar etter den planen som vart lagt i 2018. Opptak av lærlingar er relativt stabilt, men på grunn av at nokre avsluttar eller tek permisjon vil tal lærlingar likevel variere.

Fakta

Helse Førde har eigne lærlingar innan følgjande fagområde:

- Ambulanse
- Kokk
- Portør
- Helsefag
- Kontorfag (Yrkes- og studiekompetanse (YSK)/kandidat innan kontorfaget)

I tillegg tek føretaket imot lærlingar frå kommunane for praksis i føretaket. Dette gjeld helsefaglærlingar.

Kommunale helsefaglærlingar i Helse Førde

	FSS	Norfjordeid	Lærdal
2021	10 (inkludert haust)	0	9 (inkludert haust)
2020	6	0	5
2019	12	1	12
2018	8	4	8

Tal lærlingar i Helse Førde pr desember 2021:

ÅRSTAL	ANTAL LÆRLINGAR
HAUST 2021	25
VÅR 2021	26
2020	30
2019	24
2018	24

Oversyn over lærlingar og avlagde fagprøver i Helse Førde 2018 - 2021

Tabellen under syner status no og utviklinga frå 2018.

Fag	Årstal	Antal oppmeld til fagprøve
Ambulanse	2021	6
	2020	10
	2019	16
	2018	19
Kokk	2021	0
	2020	1(+1 kompetansebevis)
	2019	0 (+1 kompetansebevis)
	2018	1
Portør	2021	1
	2020	0
Helsefag	2021	3
	2020	0
Kontorfag	2021	0
	2020	0

Status for det siste halvåret:

- **Ambulanse:** Frå hausten er 9 ambulanse-lærlingar. Kun inntak av 3 lærlingar i haust. Dette blant anna på grunn av at aktuelle kandidatar ikkje besto fysiske testar. Dette er eit absolutt krav for å få læreplass i ambulansenesta.
- **Kokk:** 2 lærlingar. 1 oppstart januar 2021, 1 august 2021.
- **Portør:** 1 lærling. Første lærling i portørfag har gjennomført og bestått fagprøve i haust.
- **Helsefaglærlingar:** 12 lærlingar. 3 fagprøver er avlagt våren 2021 med resultatet «Bestått mykje godt». Antal helsefaglærlingar stabiliserar seg med inntak av 6 lærlingar per år
- **Lærling kontorfag:** 1 YSK-kandidat innan kontorfaget. Dette er eit fireårig løp der kandidaten oppnår både fagkompetanse/fagbrev og studiespesialisering. Dei to første åra er kandidaten på jobb 1 og 2 dagar og har status som elev. Starta som lærling i august 2021. Er på jobb 3 dagar og skule 2 dagar.

Kommentarar

Det er jamt opptak av 6 lærlingar årleg i ambulanse og helsefag, 1 på portør og 0/1 på kokk. Alle lære kandidatane som vart oppmeldt til fagprøve har bestått med resultat bestått eller bestått mykje godt.

Styringsdokumentet legg føringar for at helseføretaka legg til rette for å ta i mot lærlingar innan fagområde som er viktige for drift av sjukehus. Arbeidet med å auke antal lærlingar i helsefag skal prioriterast i planperioden.

Helse Førde ynskjer å vere ei trygg, god og attraktiv lærebedrift for aktuelle faggrupper. Tilbakemelding til administrerande direktør er at ein ser i dag tydelege positive resultat av å etablere læreplassar og rekruttere motiverte og engasjerte kandidatane inn i lærlingstillingane. Helse Førde er, og skal vere, bidragsytar til å sikre fleire læreplassar i tråd med måla i Samfunnskontrakt for fleire læreplassar, og har også oppnådd ein god rekrutteringsarena.

I vedteken rekrutteringsstrategi for Helse Førde er det i kapittel 7 – Utvikling, kompetanse og utdanning sett opp eige tiltakskort 7.16 «*Utvikle ein strategiplan for lærlingar i Helse Førde*». Per desember 2021 er direktiv for lærlingstrategi i Helse Førde under utarbeiding og ei arbeidsgruppe har starta planlegging av arbeidet.